



VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA I TIME KOMMUNE

Vedtektene er gjeldande frå 1.januar 2023

Vedtektene er utarbeida etter krav i opplæringslova §13-7.

Overordna føringar

Skulefritidsordninga i Time kommune skal drivast etter:

- Krav fastsett i opplæringslova §13-7 og kapittel 9A
- Forskrifter til opplæringslova
- Forskrift om rammeplan for skulefritidsordninga
- Vedtekter vedtatt av utval for levekår i Time kommune
- Kvalitetsplan for skulefritidsordninga i Time

SFO ved den einskilde skule utarbeidar eigen handlingsplan og årsplan.

§1 Eigartilhøve og styringsorgan

Time kommune eig og driv skulefritidsordninga ved dei kommunale grunnskulane i kommunen. Skulefritidsordninga er administrativt knytt kvar skule. Rektor har det overordna pedagogiske, økonomiske og administrative ansvaret ved den einskilde skule.

Skulefritidsordninga er knytt til samarbeidsutvalet (SU) gjennom rektor, og bør vera representert i utvalet gjennom føresette og/eller tilsette.

Føresette som har barn i SFO, skal ha høve til å uttala seg om saker som gjeld SFO. SFO skal vera representert i Foreldrerådets arbeidsutval (FAU).

§2 Formål

Skulefritidsordninga er eit frivillig omsorgs- og fritidstilbod utanom den obligatoriske skuledagen for barn på 1.-4.trinn, og for barn med særlege behov eller nedsett funksjonsevne på 5.-7.trinn.

Skulefritidsordninga skal leggja til rette for lek, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skulefritidsordninga skal gje barna omsorg og tilsyn. Barn med nedsett funksjonsevne skal givast gode utviklingsvilkår. Areal, både inne og ute, skal vera eigna til formålet. (Opplæringslova §13-7)

Nasjonal rammeplan blei innført i august 2021. Rammeplanen er ein del av lovverket og gjev felles nasjonale føringar for innhald og arbeidsmåtar i SFO.

Rammeplanen slår fast at skulefritidsordninga gjennom innhald og arbeidsmåtar skal leggja til rette for god samhandling barnegruppene, mellom barn og mellom vaksne og barn. Ungane skal ha gode vilkår for å medverka i SFO. Inkludering, vennskap og lek er sentralt i tilbodet ved SFO.

Innhaldet i SFO skal byggja på 4 hovudelement:

- Leik
- Kultur

- Fysisk aktivitet og bevegelsesglede
- Mat og måltidsglede

Gateadresse:	Postadresse:	Telefon rådhuset:	51 77 60 00	Bankkonto:	3212 20 24422
Arne Garborgs veg 30, 4349 Bryne.	Postboks 38.	Telefon ordføreren:	51 77 60 20	Bankkonto skatt	7855 05 11214 4340 Bryne.
	Telefaks rådhuset:	51 48 15 00	Organisasjonsnr.	859 223 672	

§3 Opptak

Føresette søker elektronisk om plass ved SFO ved skulen der eleven høyrer til. Føresette logger seg inn via link på skulen si heimeside. Søknadsfrist til hovudopptaket er 1. mars, og blir kunngjort i dagspressa og på kommunen og skulane sine heimesider. Alle som søker ved hovudopptaket får plass.

I tillegg er det opptak gjennom året. Søknadane blir behandla så raskt som mogleg.

Opptakstida kan bli inntil 2 månadar ut frå bemanningssituasjonen ved den einskilde SFO.

Rektor ved skulen og dagleg leiar ved SFO er opptaksnemnd.

Opptaket gjeld for 1.-4.trinn, med mindre ein seier opp plassen. Jf. §4 i vedtektene.

Føresette til elevar på 5.-7. trinn med særskilte behov sender eigen søknad til skulen innan 1. mars året før ein ønskjer plass. Tilbodet gjeld for elevar med fysisk- eller psykisk funksjonsnedsetjing. Det er rektor ved skulen som behandlar søknaden.

Prioritering ved opptak:

Om det er fleire søkjarar enn det er plass til ved skulefritidsordninga, vil ein prioritere etter desse kriteria i rekkefølge:

- Barn med særlege behov
- Barn av einslege føresette
- Dei yngste barna
- Barn der begge føresette er i arbeid eller under utdanning

Klagefrist

Etter forvaltningslova §29 har søkjaren klagerett i 3 veker etter at søkjaren har motteke avgjerda. Kommunalsjef Oppvekst i Time kommune er klageinstans.

§4 Oppseiing eller endring av tilbodet

Skulefritidsordninga har to månaders oppseiingstid. Ein må seie opp innan den 1. to månadar før ein vil at oppseiinga skal gjelda. Fristen gjeld og for endringar i opphaldstida. Oppseiinga gjeld frå 1. i kvar måned.

Plassen kan ikkje seiast opp etter 1. mars. Ved oppseiing etter 1.mars må ein betala ut skuleåret. 1. mai er fristen for å seie opp plassen for nytt skuleår. Ved oppseiing av plassen etter 1. mai, må ein og betala for august måned.

Ved søknad om plass ved SFO må føresette oppgjje kva dagar ein vil bruke.

I skulen sine feriar har eleven plass ved SFO dei dagane som gjeld for ein vanleg veke. I dei heile vekene skulen er stengt kan ein avtale byte av dagar. Dette gjeld for oppstartsveke i august, haustferien, vinterferien og ferieklubbveke.

Om ein vil utvida tilbodet for ein kortare periode kan ein kjøpa ekstra dagar.

Opptak i skulefritidsordninga gjeld ut 4.klasse. Eldre barn kan seiast opp ved plassmangel, jf. prioriteringskriteria i desse vedtektene.

§5 Opningstid

Tilbodet i skulefritidsordninga er i 11 månadar. Opningstida er 7.15 til 16.00.

Stengetida kan i samråd med FAU endrast etter behov og innanfor økonomiske rammer.

SFO er open frå første arbeidsdag i august og ut juni månad.

SFO er stengt julaften, nyttårsaften og onsdag i påskeveke. SFO har stengt i 4 planleggingsdagar i løpet av skuleåret. Kva dagar dette gjeld er oppført i skuleruta for gjeldande skuleår.

I skulen sine feriar må det vera minst 5 barn som har behov for tilbod for at SFO ved skulen skal halda opent. Om det er færre enn 5 barn som har behov for tilbod, vil dette bli gitt ved ein annan SFO i kommunen.

Etter at skuleåret er avslutta tilbyr SFO ei veke med Ferieklubb. Barn som har fastplass ved SFO er automatisk med i ferieklubben. Føresette for barn som til vanleg ikkje har plass på SFO kan og kjøpa plass ved tilbodet. Det blir sendt ut påmelding i mai månad. Pris for ferieklubb er den same som for fem enkeltdagar +10%. Om talet på dei som ønskjer plass ved ferieklubben overstig kapasiteten ved eininga, vil retningslinene for prioritering ved opptak gjelda.

Føresette til barn som skal slutte i barnehage og starta i SFO, avtalar med barnehagen når dei sluttar i barnehagen. Ein startar i SFO enten 1. august eller 15.august. Føresette betalar for det tilbodet ein nyttar. Ved oppstart i SFO vil det vera behov for å bli kjent med barnet og tilvenning. SFO og føresette avtalar kva dagar og tider barnet skal starta slik at dei tilsette på SFO kan ta i mot barnet på ein god måte.

§6 Foreldrebetaling

Kommunestyre vedtek satsar for foreldrebetaling. Desse blir prisjustert i januar kvart kalenderår.

Tilbodet gjeld for 11 månadar. Ein betalar for heile august og heile juni, sjølv om ein ikkje bruker tilbodet i heile månaden. Ein kan velja mellom 2, 3, 4 og 5 dagar. Ein betalar for heile dagar uavhengig av opphaldstid. Matpengar kjem i tillegg til betaling for tilbodet.

Ein må betala for tilbodet ein har avtale om sjølv om barnet har fråvær. Om situasjonen i heimen skulle endra seg og ein ikkje ønsker å bruke tilbodet lenger, gjeld vanlege reglar for oppseiing.

Ved for seint henting ved stengetid, vil det først bli gitt ei skriftleg melding av SFO-leiar. Frå og med 2. gong med for sein henting kan SFO faktura 200 kr pr påbegynte halvtime.

Betalingsfrist er den 15. i kvar måned.

Ved uregelmessig betaling ut over to månadar mistar barnet plassen. Manglande betaling over tid vil bli sendt til inkasso i tråd med rutinar for Time kommune.

Time kommune følgjer nasjonale retningslinjer for redusert foreldrebetaling og gratis tid i SFO. Jf §1B i forskrift til opplæringslova.

Føresette til barn i 1.-4. klasse skal ikkje betala meir enn 6% av husstanden si inntekt for SFO tilbodet. Ved låg inntekt kan ein søkja om redusert foreldrebetaling. Ein må søkja på nytt for kvart skuleår.

Tilbodet for elevar med særskilte behov på 5.-7. trinn er gratis.

Kommunen og skulen si heimeside har oppdatert informasjon om søknadsprosessar og gjeldande nasjonale reglar for foreldrebetaling.

§7 Bemanning og leing

Grunnbemanninga skal i hovudsak vera 1 vaksen pr 15 barn.

Rektor og leiar av SFO skal vurdere behovet for bemanning på grunnlag av behova til barnegruppa og tal på barn som er tilstade. Det skal, i tillegg til den som er på jobb i SFO, vera ein vaksen tilgjengeleg på skule/sfo-bygget som kan hjelpe til ved uønska hendingar. For barn med opphald med heimel i særskilte behov vil det vera styrka bemanning. Rektor er fagleg og administrativ leiar.

Personalet i SFO har teieplikt etter §13-13f i forvaltningslova.

For tilsetting i SFO er det krav om tilfredsstillande politiattest, jf §10-9 i opplæringslova. Tilsette i SFO har opplysningsplikt barnevernet og sosialtenesta. Jf. §15-3 og 15-4 i opplæringslova.

§8 Leike- og opphaldsareal

Når SFO er knytt til ein skule/barnhage, nyttar SFO skulen/barnehagen sine lokalar og uteområde. Området skal vera i tråd med Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skoler og § 9A-7 i opplæringslova.

§9 Internkontroll

Skulefritidsordninga i Time kommune følgjer kommunen sitt internkontrollsystem ved den ein skilde skulen.

Skulefritidsordninga skal drivast i tråd med krava til helse, miljø- og sikring som Time kommune til ei kvar tid fastset, og gjeldande lovar og reglar.

§10 Forvaltningsansvar

Kommunestyret i Time kommune er øvste styringsorgan. Gjennom delegasjonsreglementet har ein vedtatt at *Utval for levekår* skal vera styringsorgan for SFO i Time kommune.

§11 Forsikring

Barna i SFO er kollektivt ulykkesforsikra. Føresette som ønsker å sjå vilkåra for forsikringa, kan få desse ved førespurnad.

§12 Vedtektsendringar

Endringar i "Vedtekter for skulefritidsordninga i Time kommune" krev vedtak i Utval for levekår.